




Dobbelsats og freske fraspark


GROVPELL UTEN KRYSS OG B I 5 SATSER
AV KJELL AUKRUST OG ASBJØRN TOMS

Nasjonalbiblioteket
Duo og B-intaket



Embret Trondsbakken:

Sætermymoen, ja! I desse dagan er det hœin som ha fått folk frå grensa og ut tæ di drivende garn tæ å grave fram geografiboka, og tæ å følgje Rørosban' med pekefinger'n - forbi Eidsvoll med frigjeringsverket - tæ Hamar med Domkirkeruinen - Elverum med kretsfengselet - Rena med kartongfabrikken - tæ Koppang med togbyte, tju minutters opphald og restaurang - tæ finger'n stanse på den ørvesle fluelorten som hete Alvdal, som itte ha nåen ting som døm vet om kanskje, men ett vet døm, me ha - me ha skiløperane våre med'n Pær Sætermymoen i spissen!



ankvord

DOBBELSATS OG FRESKE FRASPARK

Tynset hadde brusfabrikk og sjukehus. Det var irritasjonsmoment for alvdølan. Heller itte la tynsettingen skjul på at toget stoppe lenger sjå døm. Jernbanerestaurangen med en skråmskøten tiur var vektig argument frå såmmå

hold. En skulle itte krangle lenge med en tynsetting, før'n fekk sløngt i kjeften denna severdigheta.


Kulderekorden prøvde døm au å rane te seg, enda alvdølan kunne slønge dussinvis med sprenge gradstokker i bordplata.

Nord-Østerdals lokale presse hadde tå en eller anna grunn sle seg ned på Tynset, nåe avisa bar tydeleg preg tå. Kappe en tynsetting tå seg en skarve finger, var det fete typer i "Østerdølen", men datt Bror min ner frå meieripipa i Alvdal, gikk det upåakte hen.

Alvdølan måtte nesten begå mord før å komme i avisa. Dette vart uholdbart i lengden. Den

spontane begeistringa i Alvdal da brusfabrikken på Tynset brann, må sjåes på bakgrunn tå detta. Kampen om lederstillinga tilspisse seg. Meldte Tynset om ny mekanisk bom ved jernbaneovergangen, svårrå Alvdal med trillinger. Var tynsettingen frampå med fotballaget, sløngte alvdølan landets beste skiløpere i vektskåla. Valse tynsettingen opp med oxfordbukser på meierisalen, kvitterte Alvdal med elegante handelsbetjenter med sleng i bukse, midtskill og armbandsur med sjølysende fosfortal.

Men spetakle slo først ut i lys lue da Per Sætermyrmoen vann femti'n i Kollen. Da kom gamle bygdekart fram i dagen, for



Sætermyrmoen budde i "Ingenmannsland", på Fåset.

Iltre karer frå Tynset og Alvdal skræva opp, sikte og målte. Diskusjonen gjekk høylytt, bår parter høldt stedigt på med sitt.

Mysteriet Sætermyrmoens hemstavsrett kan den dag i dag føre te at folk sløkke lyset og sett knytnåvån i sving.

Men at statspolitibetjent Kvalheim kom te bygda onder femti'n, er djupt å beklage.

Me sei øss enig med Embret: - Ei'n itte følelse, denna kroppen?

At Oline, kjerringa hass, korse seg da Bror min kom med nyheter fra hønshuset ei stønn ette,

er au forståeleg.

En kan au bebreide kua som kælte onder femti'n, og sveiser'n fra Solør som itte kunne gjøre rede før seg, når'n vart opphisse med asma attåt.




At gamle Sylfest, far hass Embret, fekk att livsmotet, vise au idrettens betydning. Ære være den for det!



En vanskelig materie å baske med var herredstyrerepresentanten og idrettshateren Skarpjordet, men lykkelige pennestrøk skapte folk tå han med.

Noen vil kanskje riste på hue over handlinga i "Dobbeltsats og freske fraspark" og mumle:


Dette kan da umulig ha hendt? Itte akkurat slik kanskje, men Per Sætermyrmoen vann i allfall femti'n i Kollen på 4.07.08, - like brennsikkert som Samuelshaug'n vann femti'n to år etterpå. Og Samuelshaug'ns hemstavsrett kan sjøl itte en tynsetting dra i tvil.

Kjell Aukrust





"LYKKELEG ER DEN....."



-Tynset har aldri hatt no'n skiløpere. Det kan du gjerne notere deg. Men i Alvdal kan du itte skubbe borti ei bokhylle uten at det dett ned et par Kongepokaler. Vi hadde itte skiforening, men trong det itte hell.

Vi greidde oss med en familie - brødrene Gjermundshaug - som tok det som var av pokaler. Det var berre småbegra som vart att til tynsetingen.

Og så prøvde dem å ta frå oss Pær Sætermymoen. Sa han var frå Tynset da han vann 50 kilometer'n i Kollen i 1935, fordi han budde på Fåset, som var "Ingenmannsland". Det var da det vart bråk. Alt i "Dobbeltsats og freske fraspark" har hendt i verkelegheta. Katta som for inn i stekeommen, kviga som daua i fjøset under femti'n, lyset som gjekk midt under sendinga.

Da vart det månelyst. Sjøl har je vør med på å rive ned en treetasjes omn på Trondsvangen under en sakli diskusjon om'n Pær var frå Tynset eller Alvdal. I 1936 var det'n Pær Samuelshaug frå Alvdal som vann femti'n. Hans namn skal itte Tynsetingan få røre ved.

Han morsknar til ein augneblink, Kjell Aukrust. Auga blir bryske undet dei frodige bryna. Men det varer ikkje lenge. Straks er latteren på plass att, smilerynkene og historiene som kjem tettare enn regnbyger i juli.

Lykkeleg er den som har fått kjenne Kjell Aukrust. Som har fått historiene hans serverte direkte, frå kjelder som aldri blir tørre. Det er berre å gi han eit stikkord så held han det gåande i timevis, om det skal vera.

Og det var slik han skulle serverast, eller på film eller lydband. Det finst ikkje den skrive-maskin i verda som kan yte rettferd til hans fantasi og humor. Bortsett frå hans eiga da. Fantasi og røyndom glir i kvarandre. Kvar det eine stansar og det andre tar til er ikkje godt å seia.

-Men dette er sant, forsikrar Kjell.

Han har bede på kaffi på Midtåsen, men før eg slepp inn i oppgangen - han og Kari har to etasjar, ein til bustad og ein til atelieret hans - forlangar Solan Gundersen to linjer på rim. Eg hakkar ut det første som fell meg inn, og det blir livleg diskutert oppe under loftstaket.

-Godkjent a'n Solan Gundersen, seier Kjell og opnar gangdøra.


I atelieret, vakkert som ei lita kyrkje, der først og fremst hans eigne bilete pryder veggene, lyder dempa Mozart i bakgrunnen. I glasa er det Martell. Ei feststund ventar gjesten.

Kvar tar han det frå? Og kva venta dei seg av Kjell oppe i Alvdal, der han fór med fante-strekane sine og beit seg fast i bordkanten og skreik som eit slaktedyr når faren slo frampå med middelskole og artium. Det godtok dei andre barna til den bryske styraren på Storsteigen Landbruksskole utan vidare som ein del av livet. Itte sku'n Kjell på no'n skole lell. Lenge før det hadde vel både den eine og den andre lurt litt på kva det skulle bli av han. Ein dag var han ute og gjekk med faren, medan han inspiserte årsavlinga på Landbruksskolen. Faren tok lange steg og Kjell sprang etter og heldt han i knivslira.

-Du far, sa han Kjell, er'e fali å skjera tå seg hue?

-Ja, du kan da skjønne det, svara faren.

-Jamen far, åffer er'e fali å skjera tå seg hue? Da stansa faren heilt opp og sa: Mor og eg har



ofte lurt litt på deg vi, Kjell...

Nei, Kjell var ikkje nett den eleven lærar Storeng ville ha eksaminert først dersom skole-direktøren kom på besøk.

-Men det var stilane hans vi las opp på skolen, sa lærar Storeng under ein kommunal middag etter ein filmpremiere i Alvdal. Sjølv om han skreiv eit sidemål bortafør alle ordbøker.

Men elvane i Asia fekk han med seg òg har bore dei som ein skatt gjennom livet. Og det gjorde at han kom på førstesida i Sydsvenska

Dagbladet etter ein miljøkonferanse. Etter å ha sete taus i to dagar reiste Kjell seg og lurte på om nokon ante konsekvensane for Ob, Jenisej, Lena, Amur, Huang-ho, osv.

Neste dag stod det i avisa at "den silverhåriga" Kjell Aukrust frå Noreg var den einaste som såg det i global målestokk. Da sende Kjell telegram til den gamle læraren sin.

Det er mykje latter og glede i Kjell sine minne, men nokre har òg frostrier i seg. Som da han vart send på snikkarskole i Oslo. Faren var vald inn på Tinget og familien flytte til hovudstaden. Faren hadde funne ut at når han gjekk av med

pensjon skulle han kjøpe eit lite bruk der Kjell kunne vera hjelpemann. Da ville det vera bra å kunna spikke ein sælapinne.

-Det var tøffe karer fra østkanten som gjekk der. Je vart hundså, spesielt av sjefen sjøl, klassens Hussein. Simensbråten hett'n og hadde signetring, sleng i buksa og tatovering. Og klokka på høgrehanda. For å innynde meg sette je òg armbandsuret på høgrehanda.

-Se te å få ta deg den dameklokka, sa Simensbråten.

Det var ei dameklokke som skomakaren heime hadde sett ei skøytereim på. Mor og far ante ikkje kor djevlig eg hadde det. Eg sat mest på dassen og græt i friminutta. Ein dag stakk eg stemjernet inn i handa for at gutta skulle synast synd på meg. Det gjorde dei ikkje sjølv om blodet spruta. Sjå eg har arret enno. Men så ein dag teikna eg ein kjønnsdel på ein bordstubb og viste'n til Simensbråten. Da vart auga hans store, gutt.

-Kan du tegne dem større òg? spurte'n. Gud om eg kunne. Eg teikna kvar einaste dag og han stakk bordstubbane med kjønnsdelane i

veska når han gjekk heimatt. Ein dag teikna eg ein verkeleg stor ein. Det vart gjennombrøtet. Da sa Simensbråten: "Gud nåde den som kruser et hår på hue tel'n Aukrust. Og bare sett klokka på høgrehanda du, Aukrust."


Eg hata alt som heitte skole, og det einaste eg har sakna er engelsken. Da eg tok til på Kunst og Håndverkskolen prøvde han far å få bror min til å banke litt tysk inn i hue på meg, fordi alle kunstbøkene var på tysk. Eg lærte meg to linjer, "Warum ist Klara nicht hier? (Kvifor er ikkje Klara her?) og "Der Himmel ist blau und die Sonne lacht so freundlich" (Himmelen er blå og sola ler så vennleg.) Det har eg hatt suksess med. Men ein gong eg kom ut etter eit par drammar på ein tysk restaurant og sa "Warum ist Klara nicht hier?", ropte ein i jenteflokken, som stod der, på Klara. Jaggu var det ikkje ei som heitte det. Eg rømde på do og sat der lenge.

-Kunne noko vore annleis i livet ditt?

-Nei, kva skulle det vera? Eg hadde blitt ein dårleg snikkar og ein endå verre agronom.

-Men teiknetalentet ditt var du klar over?

-Eg har fått tilsendt nokre av barndommens teikningar og det var ein bedrøveleg konfrontasjon. Ein gong prøvde eg å brødfø meg på julekort, signerte i steilskrift. Hadde teikna eit ekorn oppe i eit tre, det såg ut som ein rev. Men eg syntest det var moro å teikne. Det var først den dagen Henrik Sørensen, som far kjende, skulle koma på besøk, at noko skjedde. Far hadde bedt meg ligge unna, men denne karen måtte eg få sjå i levande live. Eg bad til Gud om at han måtte like noko av det eg hadde laga. Far såg strengt på meg mellom briller og bartar, men ja menn sa ikkje Henrik Sørensen at denne knekten hadde anlegg. -Eg tar han med meg, sa Sørensen til far og la



til, da han gjekk over dørstokken, at far som sat i kulturkomiteen på Stortinget ikkje skulle gløyme pengesekkene til Kunstakademiet.

Henrik Sørensen hadde makt, bestemte alt, det var nok mange som sukka letta da han gjekk i grava. For meg vart han vendepunktet. Han slo knortekjeppen i mahognien og sa at denne karen er eller skal bli målar. Han skreiv ein lapp til Kunst og Håndverkskolen der det stod "Slipp ham inn". Den brukte eg forresten til å koma meg inn på Frogner Stadion også.

Henrik Sørensen tok meg med til Alf Bjerckes butikk. I kunstavdelinga vart han motteken som ein pave. Han kjøpte staffeli, Lucasfargar, alt kjøpte'n. Og da han var ferdig sa han: "Og regningen den sender De bare til Stortinget."

Seksten år gamal kom Kjell inn på Kunst og Håndverkskolen som den aller yngste eleven nokon gong, ikkje lenge etter gjekk han i "tredje frihåndsklasse" med Per Krohg som lærar.

-Ein dag skulle vi teikne akt. Eg hadde aldri sett eit nake kvinnfolk, berre oppbretta kjoleermar heime i Alvdal. Flott var ho òg, og såg på meg med halvopne sugne lepper. Eg vart sprut raud og kjende det krisla nede i buksa. Per Krohg kom bort for å sjå kva eg hadde drive det til. Eg hadde teikna alt på dama, bortsett frå hovudet. -Jeg forstår unge mann, jeg forstår.

Han sa til dei andre: Sjå på denne karen, han har fantasi.

Neste dag da eg ikkje fekk til hoftepartiet på ein mannleg modell, teikna eg på han eit lenkedele i leopardskinn og ein Tarzan-kniv. Det vart ein svart dag for heile klassen. Krohg gjekk vidare til ein annan elev etter å ha skjelt meg ut for å kamuflere det eg ikkje fekk til. Krohg spurde han skarpt om han måtte bli kunstnar? Fanst det ikkje andre interessante yrke, røyrlleggjar til dømes? Da gjekk eleven og snytte seg i portieren.

Da krigen kom og akademiet vart stengt, reiste Kjell heim til Alvdal. Der hadde han ofte ført sett etter i almanakken til faren når han skulle reise bort.

-Han far var streng, det var stor glede når han var borte eit par dagar. Da inviterte eg venner til tjuv og politi i huset. Under krigen var han òg bortreist nokre dagar. Det var den gongen eg fekk så lyst til å måle på lerret, som det var umogeleg å få kjøpt i dei dagar. På trappeav-satsen hang det eit stort bilete i ei utruleg fin gullramme.

Ein sørlandsmålar. Før eg visste ordet av det hadde eg måla over heile biletet. "Barna i

skogen" vart resultatet. Men så kom han far heim att. Det vart oppgjersdag. Han såg med ein gong at biletet i trappa var borte, kom inn på rommet mitt og kjende att gullramma.

-Svar meg ærleg, Kjell....

-Eg fekk slik lyst til å måle på stort lerret.

Da var det ikkje mykje koseleg på Storsteigen eit par dagar. Men han likte biletet òg, og da det vart tatt inn på Høstutstillingen, og nemnt i radio og aviser, ja da roa gubben seg.

Timane flyg fort i selskap med Aukrust, og gjer latteren livet lengre, ser eg fram til eit langt eit.

Ute snør det stilt og tett og det blir endå vanskelegare for han Solan å finne att utleigehytta si som har snødd inne nede ved furus-tammene. Dei strekkjer seg rake og slanke opp



Simen og Bonden - dei verkelege.

mot loftsatelieret til Kjell. Mellom dei kan ein skimte flya som landar på Fornebu.

Mangt eit motiv har han funne rett utafor stovedøra. Dei heng på veggene saman med godminne frå hans andre fedreland, Italia. Skisser og akvarellar, opplevingar samla gjennom tjue reiser. Ein gong fór han og Kari mot syden på sin nye Vespa, den sjuande i Noreg, med diverse pappkoffertar og annan bagasje.

-Da vi kom over Appeninane var det slutt på bensinen. Men Vår Herre såg i nåde til oss, vi fann ei pumpe i vegkanten ved ei lita steinrøys av ei hytte. Vi vart bedne inn og dei diska opp for oss. På veggene hang det reproduksjonar av Rafael og Michelangelo. Da vi drog ville dei ikkje ha fem øre. Vi stod der med gråten i halsen. Seinare sa ein eg ikkje vil nemne namnet på at Italia var eit land utan kultur, fullt av degosar. Det presterte han å seia etter vår oppleving med Rafael i steinrøysa. Det var nok til at eg stemte ja til EF i 1972.

Kjell Aukrust, poet og humorist. Vår på handa når han teiknar sine ørsmå lyriske landskap, frekkare i slengen når han portretterer barndommens sambygdingar. No er det akvarellane som stablar seg langs golvet. Skagen, Skjæløy, Alvdal, Roma. Landskapet heime på Ljan. Produksjonen er enorm, men er han så disiplinert at han kvar dag går trappa opp til atelieret for å jobbe?

-Når eg først får ria, da kan ikkje den finaste konjakken freiste meg. Når eg har løpartida. Men den som kjenner Kjell veit at han ikkje tar stort for å dille bort ein dag eller tre, enten det er på papirdrakar, bilbanar eller pilkastkonkurransar. Det var ikkje alltid dei var like seriøse, møta nede hos Peder Cappelen i forlaget. Men han hadde ikkje vore Kjell Aukrust om han ikkje dilla og leikte. For også derifrå kjem

historiene, humoren, poesien. Gåvene han har aust ut over det norske folk i mange tiår.

Generøs med seg sjølv, generøs med sine talent.

-Kva er lykke?

-Lykke, det er å trivast det. Der ligg all lykke, for trivst du ikkje så illtrivst du.

Lykke? Å sitja ved arbeidsbordet å teikne. Vera gift med Kari, og det må koma først. Vi er så innarbeidde, vi er smelta saman til ein einaste stor godklump. Akkurat no er vel lykka at eg fekk livet på nytt etter at professor Semb hadde brukt motorsaga på meg. Hasteoperasjon etter fire år med angina.

Eg var ikkje redd, eg har opplevd alt og det meste er reprise. Julekvelden kjem att år ut og år inn. Men eg skulle gjerne tatt livet opp att som reprise. Alt saman.

-Har du enno draumar?

-Draumar har eg mange av. Skulle vore moro å få oppleva "Gurine med reverompa" som teiknefilm. Så driv eg litt raudvinsskriving. Her er den nye boka mi, seier han og opnar ei skuffe, verpekassa, stappa med små og store papirlappar. Kanskje blir det noko, men det blir ei annleis bok.

Men sjå her du...

Ein ny assosiasjon, eit nytt stikkord, historiene står på ny i kø...


Det kjennest brutalt å måtte seia god natt og gå. Men inne i meg kjenner eg gleden over å veta at eg vil møte han att. Utømmelege, vedunderlege Kjell...

Lykkleg er den....




Harriet Eide

til nynorsk ved Ola E. Bø

OPPHAVSMANNEN



Kjell Aukrust vart fødd i 1920, i Alvdal. Kvit var hans barndoms dal, blir det hevda - med vinter 9 månader og dårleg sleaføre i 3! Kjell Aukrust debuterte som teiknar på Hauststillinga i 1943. I 1946 byrja han med sine humoristiske teikningar og forteljingar, først i Mannskapsavisa og seinare i Dagbladet. I 1958 kom den første samlinga i bokform - "Simen". Dermed var det gjort. "Simen" utløyste eit skred; eit skred av latter, og eit tilsvarande skred av bøker. For første gong på mange år vart bøker lesne i filler. Det held fram med "Folk og fe", med "Bonden" og "Bror min". I 1961 kom "Dobbelsats og freske fraspark" på Det Norske Teatret og gjorde slutt på all tale om teaterkrise - langt over 100 framsyningar for smekkkfulle hus, kritikarsuksess og publikumssuksess. Filmversjonen følgde to år etter, suksessen var ikkje mindre - Alvdal hadde i sanning plassert seg på Noregskartet! Sidan har vi *Flåklypa Grand Prix*, laga i samarbeid med Ivo Caprino og Bjarne Sandemose (ferdig 1975). Det vart den største publikumssuksessen i norsk filmhistorie. Det blir no laga teiknefilm av *Gurine med Reverompa*. Det synest som om det ingen ende tar - dersom det er sant at ein god latter gjer livet lengre, må Akrust ha mykje av æra for Noregs høge levealder.





Dobbelsats og freske fraspark

GROVSPELL UTEN KRYSS OG B I FEM SATSER
AV KJELL AUKRUST OG ASBJØRN TOMS



ORKESTERET er medlemmer frå
BAKAS BLÆS & VILDT

Trompet
STEINAR ANDERSEN, HARALD KYLLESØ,
STEINAR LAMØY, ARNE RØNNILD,
TORE TOLG

Althorn
TORBJØRN EIDE, ANNA L. JAKOBSEN,
ANNE KRISTIN RIIS

Tenor
ODD PETERSEN,
LISBETH THORKILDSEN

Basun
JAHN HALVORSEN

Sousafon
PÅL BALTZERSEN, EIRIK HOLTEN,
LISE PEDERSEN

Tromme
ROAR HERTAAS

Embret Trondbakken	SVEIN ERIK BRODAL
Oline Tronbakken	JORUNN KJELLSBY
Sylfest	HARALD HEIDE-STEEN JR.
Bonden	ØYVIND B. LØVOLD/ MIKKEL A. OLSEN
Bror Min	AUDUN K. WIIG/ GAUTE SKJEGSTAD
Petter	MARTIN A. YSTAD/ ØYVIND L. ELGSTØEN
Ollvar Sjulus	NILS SLETTA
Berte Sjulus	KARI RASMUSSEN
Martin Gaukerud	SVERRE BENTZEN
Jostein Kaldsvettrøen	JAN GRØNLI
Målfrid Kaldsvettrøen/ Jordmora	ULRIKKE GREVE
Even Fjæringsgjelten	ERIK ØKSNES
Rønnau Fjæringsgjelten	WENCHE ELENA MEDBØE
Ordføraren	TORGEIR FONNLID
Torgrim Skarpjordet	TROND BRÆNNE
Sveisaren/ Handelsbetjenten	ØYVIN BERVEN
Radiostemma	ROLF KIRKVAAG
Regi	TORALV MAURSTAD
Scenografi	SNORRE TINDBERG
Kostyme	MIA RUNNINGEN

Ein pause



Première på Scene 2 den 9. februar 1994





Inspisient
KRZYSZTOF SELIGA
Språkkonsulent
MARIT VOLLAN
Maske
TRUDE SNEVE
Lys
PER GUNNAR GULSTUEN
Lyd
VIDAR EGGEN
Rekvisitor
MARIT FJELDSTAD
Sufflør
ANNE FLADMOE
Scenekoordinator
EIVIND MOLAND/
ANDREAS ZSIDEK

Foto: William Mikkelsen
Programredaksjon:
Kari Lise Kolås, Rune H. Trondsen
Trykk: Falch Fargetrykk



SNORRE TINDBERG ER 70 ÅR!

For den det gjeld kjem ikkje pensjonsalderen som noka overrasking. Men for verda omkring gjer den ofte det. Brått er den der; og i heile

det store teaterhuset vårt må vi alle venje oss til at vi ikkje lenger kan ta det som sjølvsagt at Snorre Tindberg dagleg er på farten mellom oss. Men vi skal lure alderen litt. Framleis

er Snorre her og skal halde fram med det, sjølv om lova seier at han er pensjonist.

Teaterbransjen er tøff. Vi er dømde til å vere i same båt og i eit tett samarbeid. Dessverre er det mange som skubbar bort i kvarandre på ein ublid måte; men vi er heldigvis flinke til å fortrenge og ro vidare.

Vissa om at vi alle er i den same båten, og ei felles evne til å gløyme, gjer det lettare å halde fram utan for mange sår på sjela. Dei som har halde seg nær Snorre i båten greier seg best.

Han er eit varmt menneske.

Og til dei som lever og har levd håplaut

uvitande, kan eg fortelje at Snorre Tindberg er kveldens scenograf. Det har han vore for ca. 90 framsyningar, samstundes som han har vore leiari for målararsalen frå 1952-68 og teknisk sjef frå 1968-86, har han hatt ein finger med i spelet på dei fleste framsyningar på Det Norske Teatret i desse åra.

Det er sagt at han i den tida ikkje har klart å skaffe seg ein einaste uvenn. Er mannen ein fjott, eller er mirakla si tid enno ikkje forbi? Det første er feil, og det siste er rett. Dei som ønsker å legge seg ut med eit samla personale på Det Norske Teatret, kan starte ein polemikk om dette.

Snorre er fødd i Svolvær 23. desember 1923. Etter å ha halde på med amatørteater og lokalrevyar kom han til Oslo rett etter krigen. Snorre kunne like gjerne vore skodespelar. Han er verdsmeister med Nordlandshistorier og anekdotar. Det hadde vore ei ære å bli folkelivskildra av Snorre; og ein skjønar fort kvar sønene har skodespelartalentet sitt frå. Etter Statens Handverks- og Kunstindustriskolen entra han ein telefonkiosk med lomma full av tøjringar for å ringe rundt på jakt etter arbeid i ein teatermålararsal. Nationalthetret trong ein ekstra mann for ei kort stund. Til alt hell kjende dei ikkje si besøkstid der, han var arbeidslaus i eit kvarter; gjekk over gata; og vart assistenten til Arne Walentin på Det Norske Teatret. Det var i 1949, og sidan har han blitt her. Han lærte faget; vart tusenkunstnar med stor materialkunnskap og løysingar av "Petter Smart-typen" som har vore billige og godt fungerande. Han var med på heile utviklinga frå måla dekorasjonslerret til tredimensjonale plastiske scenografiar. Som teknisk sjef har han vore den fødte arbeidsleiari, inspirator og læremeister. Han meistrar scenografiske oppgåver innafor alle dramatiske genrar, men

mest av alt har han vore opptatt av barneteater; og mange som i dag er vaksne, hugsar scenebiletta frå havbotnen i "Taremareby" eller den utrulege konstruksjonen til "Karamell-apparatet". Han bygde opp gamle Scene 2 og følgde bygginga av det nye huset som rådgjevar. Det eksisterer knapt nokon som er meir stolt av arbeidsplassen sin enn Snorre. Det grensar til sjåvinisme, og er godt å ha når nokon angrer oss. Da glimtar det stygt i augo hans. Og ein skjønar at han er nordlending. Å kome til fisefine Oslo som "framandarbeidar" like etter krigen, der enkelte framleis trur at det meste nord for Sinsenkrysset er det reinaste Raillkattlia, har gitt han erfaringar som står for ein støy.


Snorre er yrkesoptimist. Den nordnorske naturen lever i han og har gitt inspirasjon til arbeidet som scenograf; himmelen, skifta mellom lys og skugge, romkjensle, fjellformasjonar omforma til bilete, skulpturar og alt som er i slekt med teatrets eigenart. Stormkasta som òg gir rom for teatral sjelelig katarsis.

Dei siste åra har han også vore ein stolt, kunnskapsrik og humorfylt omvisar for store publikumsgrupper. Ikkje minst er mange barn blitt teaterfrelste gjennom Snorre sine eventyr og einmanns-dukketeater. "Onkel Snorre bestemmer" sa ein treåring nyleg. Aldersforskjellen forsvinn. Snorre er den yngste og den eldste av oss. Derfor er det rart når han er i avgangsklassen.

Takk for innsatsen gjennom 44 år!

Otto Homlung





HALV METER FOR KORT

Det svimlet for oss gutter når vi i 8-9 årsalderen sto med en boks "Record" i neven. Dette kostelige klenodiet av en hoppsmurning - denne mystiske eventyrlige tjærekoken som det lukta 3x19 og fenomenale bakkerekorder av. Dette var før Torleif Schjelderup, Hyvärinen og Andreas Däscher hengte seg opp i sveitsiske

vindtuneller med handa på baklomma.

Det var i den tida Birger raserte premiebordene, hvor på kloden disse måtte befinne seg; - i den tida da vi innøvde Kongsberg-knekken over kjøkkentaburetten, og det var morosamt å være nordmann!

I disse så historiske år var det jeg hoppa 29,5 meter i Sandeggbakken. Nye ski, med tre renner under, skulle det bli så fremt jeg la på til 30.

Jeg satte omgående i gang med tørrtreningen hjemme på divanen. Her dobbelsatset jeg så det sang i divanfjærene. Mine fjellstøe nedslag klirra i buffe'n.

En søndag i januar skulle rekordhoppet omsettes i praksis. Tida ble grundig nytt til omhyggelig preparering av skiene. Dette foregikk på kjøkkenet. Kvinnfolka fikk seg en alvorlig leksjon i hoppsmørningens aller dypeste mysterier. Her ble strykejern, kokeplater og alle tenkelige hjelpemidler tatt i bruk. Mellom strøkene dobbelsatset jeg på divanen i stua. Natten til søndag ble urolig. Rett som det var måtte jeg ned på kontoret å titte på grade-stokken. Ute på gangen var det gudsjammerlig kaldt. Det svei under føttene, så jeg akte rekkverket ned. Kontorvinduet var tilrimt og måtte skrapes med neglene til gradestokken hang der - minus 30 grader! Månen hang gul og frostblek på vesthimmelen. En frossen katt hastet trolsk og svart inn i låveskyggen. På den andre siden av elva lå Sandeggbakken i blåsvarte Baugsberg-skyggen, ruvende og

ventende.

Påkledningen om morgenen foregikk kloss opp til ovnen. Alle hjalp til. Først på med underbuksa, så noen nummer av "Nationen" foran og bak, deretter ei ny underbukse over dette for å holde det på plass. To par strømper, to par raggsocker, to gensere med "Nationens" julenummer foran og "Østlendingen" på ryggen. To par votter, djevlelue, skinnlue og langt skjerf på toppen.

Det var særdeles vanskelig å bevege seg. Det rasla i innpakningen når jeg pusta.

Jeg måtte på do -

Det var et svare strev. Nervøsiteten var stigende og magen i full oppløsning.

Tredje gangen jeg måtte, ble far sterkt irritert.

Snoen lå sur over Glåma, frostrøyken sto som ei yre når vi pusta. Fars briller dogget. Bartene var rimet som vidjekratt. Det gniksa og gneldra tørt og kaldt for hvert stavgang som brakte oss nærmere Sandeggbakken - den lå blåfrossen og nifs foran oss.

Det tok en evighet å trække opp i dag. - Vel oppe ved stillaset så jeg far stå som en annen nordpolsfarer og rake hoppet der nede.

Frostrøyken drev nifst ut av'n for hvert tak. Det så uhyggelig ut. Rundt meg i snøen sto det okergule kremmerhus, satt der av mer eller mindre nervøse hoppere. - Jeg tissa kjekt ned i det aller største, for der hadde sikkert Per Samuelshaug konsentrert seg.

Utrolig hvor slikt hjelper.

- Å klatre oppover et høyt stillas med is-svuller i trinna og mye papir rundt kroppen er nifst nok. Først der oppe så jeg det hasardiøse i foretakendet. Bygda lå kvit og vakker og alt det der som får tankene til å kretse om det ene: Ser jeg min barndoms hvite dal, etter hoppet?

- Er'e klart! skriker jeg og blir fælen over min egen stemme som lyder hult utover avgrunnen.

- Ja, kommer det fra saueskinnet der nede.

- I farta! roper jeg og blir stående.

Herregud noe så uhyggelig! Jeg må tisse igjen.

Nå roper det irritert opp til meg fra dommertribunen:

- Nå får du komme da gutt!

- Er'e klart'a far?

- Ja, det er klart!

- Det er itte for hardt neri unnarenne' da trur'u?

- Nei!

- Det er itte for mye sprett på hoppe' 'a far?

- Langt der ifra!

- Det blæs oppå her!

- Ikke her nede, bare kom gutt!

- Ja, i farta da - jeg ber til Gud og lar det stå til.

Jeg raser nedover stillaset, der kommer hoppkanten farende mot meg, tårene triller som erter. Å nei, å nei, at jeg skulle finne på dette.

- Det bærer rett ut i vær og vind. Skiffisene får en blaff over kulen. - Jeg fektek avsindig med armene. - Kroppen er ubøyelig i alt papiret, det frater og knirker i emballasjen under genserne.

- Jeg gir opp med et gisp, blinder øya og smeller i bakken så avisene fyker. Først nede i overgangen stilner det hele av. Far kommer akende nedover.




- Dette så stygt ut det Kjell.

- Å lang var'e a? stønner jeg.

- Til den øverste "Nationen".

- Langt er det'a?

- Det er niogtjue og en halv det - sa far.



Frå Kjell Aukrusts eiga skildring i Alvdals-trilogien, om sin eigen innsats som idrettsmann - i hoppbakken.

Gråplasen, 28. februarar


Ærede kommunen

- Etter et langt liv på kyrkjegarden somer og vinter høst og vår i alslags vær og kule - ha je gravi ned mye aludaler. Denni høsten ha det vøri mindre tå dom og nødten er stor og fø - (han har streki over nåe her, sju, fol - bar -, skæ det fill stå, - skæ me sjå vidare)

- Je sener derfor dete skriv tæ kommunen med bøn om forskot på n her Rikkert Moplassen 87 år og ænkefru Otilie Bækspælen som er 89 år og som har helt seg i sengen og som skrompe in - dom koste 8.75 øre stykkje, tæ samten kroner 17.50 som je håpe å få.

Ærbødikst
Karenius Mørken
graver.

U.B.S.
Tæla sit useduanli djupt iår.



ORDFØRAR



*Dobbelsats - 76
med f.h. Sverre Wilberg,
Torgeir Fonnliid, Erik
Øksnes, Alf Malland,
Einar Wenes, Ragnar
Olason og Johannes
Eckhoff.*



*Dobbelsats - 61
med f.h. Lasse Kolstad,
Rolf Søder, Harald
Heide-Steen, Ragnar
Olason, Tom Tellefsen,
Joachim Calmeyer og
Ola B. Johannessen.*









*Dobbelsats - 94
med f.h. Sverre Bentzen,
Nils Sletta, Svein Erik
Brodal, Jan Grønli og
Erik Øksnes.*

DOBBELSATS OG FRESKE FRASPARK - vårt egentlige olympiaspill

"Dobbelsats og freske fraspark", grovspell uten kryss og b, av Kjell Aukrust og Asbjørn Toms er det egentlige olympiaspill. Når nå innmarsjen i Innsbruck er begynt og det folkeforsonende idrettskameraderi har nådd slike proporsjoner at statsoverhoder og prinser ikke kan være til stede av frykt for at en eller annen terrorist tar rotta på dem, er det godt å kunne slå av TV'n, slenge seg i bilen og kjøre gjennom mørk granskau innover i et av de østlige dalfører hvor Det Norske Teatret nå spiller - jeg mener: speller - "Dobbelsats". Riktignok er det nesten like grotesk som virkeligheten; men det er da i det minste morsomt.

**Utdrag frå Erik Pierstorffs kritikk
i Dagbladet 1976**





REPERTOARET FRAM



Depotbiblioteket

HOVUDSCENEN

Til mars
OLE BRUMM
av A. A. Milne

Til april
DRAUMKVEDET
i samarbeid med LOOC

Première 22. april
CHARLEYS TANTE
av Brandon Thomas

Première i august
TROILUS OG CRESSIDA
av William Shakespeare

Norgespremiere i september
TIDA ER VÅR HEIM
av Lars Norén

SCENE 2

Til mars
FRK JULIE/ELSKAREN
av Strindberg/Pinter

Urpremière 24. februar
**ABSALON HOLMARØY OG
KVINNENE HANS**
av Ingvar Moe

I juni
**NORSK DRAMATIKK
FESTIVAL**



PROVES 96sd 07 691

det norske teatret